

Saksbehandlar: Monica Åsnes, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/8230-3

Møteplan for hovudutval for samferdsle og trafikktryggingsutvalet 2019 - endringar

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Møte i hovudutval for samferdsle 19.november går ut.

Vedlegg:

Saksprotokoll Fylkesutvalet sak 61/19

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

Vi viser til sak 61/19 i fylkesutvalet 19.juni 2019 der det vart gjort slikt vedtak:

1. Møte i fylkestinget 3. og 4. desember vert flytta til 10. desember.
Møte i fylkesutvalet 2. desember vert også flytta til 10. desember.
Møte i fylkesutvalet 31. oktober går ut.
Alle desse endringane gjeld tida etter konstitueringa i Vestland fylkeskommune.
2. Hovudutvala og andre utval vurderer - i lys av punkt 1 over – eventuelle endringar i eigne møteplanar.

Hovudutval for samferdsle i Sogn og Fjordane vedtok i møte 25. oktober 2018 møteplan for 2019 med siste møtedato 19.november 2019.

Vestland fylkesting skal konstituerast 15. og 16. oktober 2019. Hovudutval for samferdsel og mobilitet skal ha sitt første møtet 12.november.

Hovudutval for samferdsle sitt møte 19.november går difor ut. Siste møte i hovudutvalet for samferdsle vert 1.oktober 2019.